

## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Helga Ellingsen	TI - &20	17/928

Saknr	Utval	Type	Dato
076/2017	Formannskapet	PS	12.09.2017
015/2017	Administrasjonsutvalet	PS	12.09.2017

### Prosjektmandat for å vurdere samarbeid mellom NAV Masfjorden og NAV Gulen

#### Vedlegg:

##### Journalposttittel

Prosjektmandat NAV Gulen og NAV Masfjorden  
PresentasjonPartnerskapsmøt308-2017

##### Dato

06.09.2017  
06.09.2017

#### Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

**Prosjektmandat for å vurdere samarbeid mellom NAV Masfjorden og NAV Gulen blir godkjent slik den ligg føre.**

#### Saksopplysningar:

##### Bakgrunn

Arbeidsdirektoratet gav i 2015 ut St.ml. 33 «NAV i en ny tid – for arbeid og aktivitet». I denne er det vedteke at minstekontorgarantien vert avvikla. Det vil sei at garanti av statlege arbeidsplassar på små NAV kontora gradvis vil forsvinne, slik som i Masfjorden- og Gulen kommune. Det er i tillegg lagt føringar for ei regionalisereing av NAV, der prosessen er at NAV Sogn og Fjordane og NAV Hordaland skal bli NAV Vest. Dette vil føre til at NAV Masfjorden og NAV Gulen vil tilhøyre same region frå 01.01.2020.

##### Fakta

På bakgrunna av dei føringar som ligg i høve endring og omorganisering av NAV var det arrangert eit felles partnarskapsmøte den 16.08.17 for kommunane Masfjorden og Gulen. Med på dette møte var; NAV Sogn og Fjordane, Nav Gulen, NAV Hordaland, Nav Masfjorden, Rådmann og leiar for helse, omsorg og sosial i Masfjorden og rådmann og kommunalsjef frå Gulen kommune.

På møte vart kommunane orientert om status i høve NAV si regionreform, og NAV si endring i høve å etablere større kontoreiningar for å sikre kompetanse, og behalde kontinutet. NAV har stort fokus på

å digitalisere, og effektivisere tenestene.

### **Vurdering**

På bakgrunn av dei sentrale endringane som blir gjennomført i NAV, er det viktig å vurdere korleis ein skal behalde og utvikle NAV tenestene i Masfjorden- og Gulen kommune. På partnerskapsmøte vart ein samd om at kommunane skulle utarbeide eit prosjektmandat for å vurdere samarbeid mellom NAV Masfjorden og NAV Gulen. Prosjektet skal utgreie samarbeid, og legge fram ein rapport til politisk behandling våren 2018.

### **Konklusjon**

**Prosjektmandat for å vurdere samarbeid mellom NAV Masfjorden og NAV Gulen blir godkjent slik den ligg føre i sakstilfanget.**

### **Formannskapet - 076/2017**

#### **FS - behandling:**

Ordfører Karstein Totland (H) orienterte kort.

Framlegg til vedtak - med dei endringane i mandatet som vart gjort i administrasjonsutvalet - vart samrøystes vedteke.

#### **FS - vedtak:**

**Prosjektmandat for å vurdere samarbeid mellom NAV Masfjorden og NAV Gulen blir godkjent slik den ligg føre.**